

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 31.08.2015
SAKSHANDSAMAR: Christin Vik Eliassen
SAKA GJELD: **Internrevisjonen - Innkjøp i Helse Vest**

ARKIVSAK: 2015/1775
STYRESAK: **088/15**

STYREMØTE: **10.11. 2015 (Utsatt sak)**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest RHF vedtek handlingsplanen for oppfølging av internrevisjonsrapporten slik den går fram i saka.
2. Overdraging av verksemd på innkjøpsområdet skjer 1. november 2015 og handlingsplanen i denne saka tek til å gjelde frå dette tidspunktet.

Oppsummering

Internrevisjonen i Helse Vest RHF har gjennomført eit revisjonsprosjekt innan innkjøpsområdet.

Formålet med prosjektet har vore å undersøke om innkjøpsområdet i Helse Vest er underlagt ei målretta og effektiv drift, som etterlever lov- og forskriftsregelverk.

Rapporten frå revisjonsprosjektet blei handsama i revisjonsutvalet i Helse Vest RHF i juni 2015.

Fakta

Internrevisjonen peikar på at Helse Vest ikkje veit i kva omfang rammeavtalane vert brukt, og at ein fjerdedel av aktive rammeavtaler er ulovlege. Vidare viser stikkprøver at kjøp på utgåtte avtaler, eller heilt utan avtale, kan være svært høg på visse område. Føretaksgruppa har store utfordringar med systemstøtte, interne rutinar, inngåing av nye avtaler og forvaltning av eksisterande avtaler.

Internrevisjonen reknar med at ny organisering (Helse Vest Innkjøp HF) og ny systemstøtte (LIBRA) på innkjøpsområdet vil kunne hjelpe på situasjonen.

Kommentarar

Revisjonsprosjektet er gjennomført med den eksisterande organiseringa av innkjøpsfunksjonen.

Administrerande direktør vil peike på at mange av funna som er gjort av internrevisjonen, mellom anna låg avtaledekning innan visse områder, problemet med ulovleg prolongerte avtalar og kapasitetsutfordringa innan innkjøpsområdet, var noko av grunnlaget for at Helse Vest RHF i 2012 starta opp Orkidé-prosjektet. Desse utfordringane har altså vore kjent i organisasjonane over ei tid, og opprettinga av Helse Vest Innkjøp HF må sjåast på som eit strategisk grep for å kunne arbeide med forbetring og endring innan innkjøpsfunksjonen i regionen.

Av rapporten går det fram at «*Denne internrevisjonen er utført medan den gamle organisasjonen framleis har vore verksam. Funna og observasjonane våre er difor basert berre på den. Som vi vil komme tilbake til, må tilrådingane bli følgt opp av den nye organisasjonen.*»

Ein legg til grunn at både sjukehusføretaka som er omfatta av dette internrevisjonsprosjektet og Helse Vest Innkjøp HF som ny eining med ansvar for innkjøpsområdet i regionen lagar gode tiltaksplaner for å fylgje opp dei tilrådingane internrevisjonen gir. Nokre av tilrådingane er klart av ein slik karakter at det er Helse Vest Innkjøp som må følgja dei opp, medan andre meir naturleg må handsamast av sjukehusføretaka. For nokre av tilrådingane frå revisjonen,

er det naudsynt at oppfølging skjer i nært samarbeid mellom sjukehusføretaka og Helse Vest Innkjøp HF.

Helse Vest Innkjøp HF vil vera operativt frå 1. november 2015. Det vil seie at overdraging av verksemd vil skje frå denne dato. Styret i Innkjøpsføretaket har vedtatt ein førebels og overordna plan for oppfølging av tilrådingane frå internrevisjonen. Leiinga i Helse vest Innkjøp HF må saman med styret straks etter 1. november 2015 starte arbeidet med å detaljere planen og sette inn naudsynte tiltak for oppfølging.

Sjukehusføretaka har følgjande planar for styrebehandling av rapporten frå internrevisjonen:

Helse Førde HF : Tek sikte på å styrebehandle saka i september, og vil få i gang eit opplæringsløp for å få til større bruk av innkjøpssystemet i løpet av hausten.

Helse Bergen HF: Saka blir styrebehandla i oktober.

Helse Fonna HF : Tidspunkt for styrebehandling er ikkje klar

Helse Stavanger HF: Tidspunkt for styrebehandling er ikkje klar

Helse Vest Innkjøp HF: Styret behandla rapporten frå internrevisjonen 31.08.15, og var særleg oppteken av at implementering av felles arbeidsprosessar vil være eit viktig tiltak for å profesjonalisere innkjøpsområdet.

I teksten nedanfor er tilrådingane frå revisjonen lista opp saman med administrerande direktør sine overordna kommentarar knytt til oppfølging.

Dette er tilrådingane frå internrevisjonen:

1. *Sikre tilstrekkeleg produksjon av nye avtaler før utløpet av gamle, og dermed unngå ulovleg prolongerte avtaler.*

Kommentar:

Denne tilrådinga vil det heilt klart være Helse Vest Innkjøp HF sitt ansvar å følgje opp, då avtaleproduksjon vil vera ei av kjerneoppgåvene for det nye føretaket. Dette området vil måtte være eit av dei første tema den permanente leiinga av føretaket må sette på dagsorden. Avtaleporteføljen må fordelast på den einskilde seksjon (kategoribasert) og konkrete handlingsplaner for korleis seksjonane skal sikra tilstrekkeleg produksjon må bli utforma.

2. *Legg vekt på at ny systemløsning (LIBRA) skal gi tilgjengeleg og kvalitativt god styringsinformasjon om innkjøpspraksisen i føretaksgruppa, samstundes som utviklar gode analysar også før nytt system er på plass.*

Kommentar:

Medarbeidarar som blir overført til det nye innkjøpsføretaket vil bli aktivt involvert i LIBRA arbeidet, både knytta til anskaffinga av system og til implementering av systemløsninga. I tida fram til nytt system er på plass vil det framleis vera ei utfordring å etablere gode analysesystem på tvers av føretaksgruppa. Dagens system på innkjøpssida gjer dette arbeidet vanskeleg. Arbeidet med styringsinformasjon innan innkjøpsområdet må sjåast i samband med det generelle arbeidet føretaksgruppa gjer innan området for verksemdstyring.

3. *Sikre at kontraktbasen Contiki blir nytta i tråd med hensikta.*

Kommentar:

Contiki er kontraktssystemet for føretaksgruppa. Systemet har vært nytta ulikt i dei ulike helseføretaka. Det vil være Helse Vest Innkjøp HF sitt ansvar å nytta Contiki på ein einsarta måte, og sikre at data blir registrert korrekt.

4. *Sikre god kommunikasjon mellom innkjøpsorganisasjonen og bestillarane i helseføretaka om innhaldet i og erfaringar frå bruk av rammeavtalane.*

Kommentar:

Det vil være Helse Vest Innkjøp HF sitt ansvar å sikre at det ligg føre god informasjon om nye rammeavtar og at denne informasjonen blir formidla i rette kanalar til dei som treng han. Det må og etablerast system for å fange brukar-erfaringane frå rammeavtalane. Eit slikt system må Helse Vest Innkjøp HF etablere i nært samarbeid med sjukehusføretaka. Avtaleforvaltarane vil her ha ei sentral rolle.

5. *Legg vekt på leverandøroppfølging gjennom heile avtaleperioden.*

Kommentar:

Leverandøroppfølging vil være Helse Vest Innkjøp sitt ansvar. Revisjonen peikar på at kapasiteten på avtaleforvaltning er for liten. Det må etablerast ein metodikk for avtaleforvaltning og det må prioriterast kva avtar som skal forvaltast aktivt, og ein må sjå på korleis funksjonen knytt til avtaleforvaltning kan styrkast.

6. *Utarbeid kontrollrutinar som sikrar at konsignasjonslagra er avgrensa til berre å innehalde produkt som fullt ut innrettar seg etter rammeavtaler på området, samt vurder om ordninga totalt sett er tenleg for Helse Vest.*

Kommentar:

Dette er eit arbeid som må skje i nært samarbeid med det einskilde føretak og aktuelle klinikkar. Det er vanskeleg å sjå for seg at Helse Vest Innkjøp HF åleine tar dette ansvaret ettersom alt ansvar for lagerhald ligg i det einskilde sjukehusføretak. Truleg bør det opprettast eit eige prosjekt som arbeider med problemstillinga knytt til konsignasjonslager (Leverandør har eit lager på sjukehuset som sjukehuset kan ta ut varer frå. Varer blir betalt ved uttak) hos Medtek Norge, som er leverandørane sin bransjeorganisasjon, har varsla at dei på si side også vil sjå på om ordninga med konsignasjonslager i norske sjukehus er eigna for framtida.

7. Sikre at alle bestillingar vert gjort elektronisk, der dette er mogleg.

Kommentar:

Helse Vest Innkjøp HF skal som hovudregel ikkje gjere bestillingar i innkjøpsystema. Det ansvaret ligg til sjukehusføretaka og den einskilde organisatoriske eininga. Helse Vest Innkjøp HF tek imidlertid sikte på å byggje ein support-funksjon kor den einskilde bestillar kan rette seg for å få hjelp til bestillingar i innkjøpssystemet. Der slike ikkje er på plass, bør kvart sjukehusføretak lage intern policy/rutinar for korleis bestilling i system skal skje. Ein viser i den samanheng til dei tilrådingane som prosjektet «*Frå bestilling til betaling*» i si tid kom med. Gevinsthaustinga i samband med LIBRA prosjektet vil for fleire av føretaka også handle om å få gode rutinar for bestillingar, slik at alle bestillingane knytt til rammeavtalane blir fanga elektronisk.

Konklusjon

Helse Vest Innkjøp HF vil få hovudansvaret for å følgje opp tilrådingane frå internrevisjonsrapporten. Handlingsplanen som er lagt inn i denne saka må reviderast og detaljerast så snart permanent leiing er på plass i føretaket og når alle medarbeidarane er flytta over til Helse Vest Innkjøp HF. Handlingsplanen må også reviderast når alle styra i kvart sjukehusføretak har behandla saka.

Vedlegg

1. Vedlegg 1 - Handlingsplan